


## 1. Start med å sjå filmen [Familie og følelser - YouTube](#)

Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:



På kva måtar kan familiar vere ulike?

I filmen snakka dei om forskjellige ting som kan skje i ein familie som ikkje er så godt å oppleve. Familiar kan også oppleve å miste nokon dei er glade i. Det kan vere eit kjæledyr, eller ei oldemor eller andre. Heldigvis skjer det **nesten aldri** at dei som dør er foreldra eller barna i familien, men mange barn er likevel bekymra for at sånne ting kan skje. I denne timen her så skal vi lære litt om kva som skjer når nokon dør. Og vi skal lære at alle barn har rett til ein familie.

## 2. Sjå [En liten film til barn om døden - YouTube](#)

Etter filmen kan du godt spørje elevane om nokon av dei har vore i gravferd nokon gong? Vil dei fortelje kva som skjedde der? Kva folk hadde på seg og kva ein gjorde på? Hjelp elevane å fokusere på faktiske forhold framfor opplevinga av det som skjedde.

Om ingen har vore i gravferd kan du eventuelt spørje om elevane har besøkt gravplassar. Kanskje har dei tent lys på ei grav eller hatt med blomster?

## 3. Om de no har behov for ein aktivitet så kan de godt bruke ein bamse.

Forklar elevane at bamse er lei seg i dag for bamse-oldemor er død og dei skal i gravferd. Elevane kan

- Anten teikne at bamse besøker grava til bamse-oldemor saman med resten av bamsefamilien sin.
- Eller de kan leike saman at det skal vere gravferd i klasserommet og at elevane følger bamse til gravferda. Kva kan presten seie om bamsebestemor? Kva song kan de synge? Skal elevane teikne kvar sin blome og legge denne på «kista»?
- De kan finne ut kva som kan vere fint å seie til bamse no når han har mista oldemora si. Vaksne seier ofte «kondolerer», men er det andre ting som kan vere fint å seie eller gjøre når nokon har mista nokon?

## 4. Her er ein song om døden, men de kan eventuelt gå vidare til anna tema om elevane treng det. [Klaus Sonstad - Et sted i det blå - YouTube](#)

## 5. Gjer ei lita frosketidøving [Puste i dyrestillinger - YouTube](#)

- De kan gjerne jobbe litt med rettigheter som barn har. Som overgang kan du minne om at legen i filmen sa at barn ikkje treng å vere bekymra for at dei sjølve eller foreldre skal døy, men at vi veit at dette er noko mange barn tenker på. Barn kan vere bekymra for kva som skjer med dei sjølve dersom foreldre dør. Det å vite at alle barn har rett til ein familie, og at det som skjer er at vaksne hjelper dei å få ein ny familie å bu hos kan vere nytta. Men

De kan gjerne bruke denne digitale plakaten [Barnerettighetene | UNICEF](#) Her kan de trykke på dei ulike rettane og lese på baksida. De kan gjerne også la barna teikne ulike rettigheter som barn har.